



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Norske pengespel 2024

Gambling in Norway



Statistikk over norske pengespel og lotteri

Annual statistics report from The Norwegian Gambling and Foundation Authority

Innhold

Føreord – Betydeleg vekst i omsetning og midlar til formål.	4
1. Samandrag.	5
2. Endring i omsetning	15
3. Norsk Tipping AS.	18
4. Norsk Rikstoto.	26
5. Spel på nett og mobil – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto	29
6. Bingo	31
7. Andre lotteri.	35
8. Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn	38
9. English summary	39
10. Vedlegg	42

Føreord – Betydeleg vekst i omsetning og midlar til formål

2024 blei eit år med sterk vekst i den regulerte pengespelmarknaden. Netto omsetning auka totalt med 8 prosent. Veksten er spesielt driven av Norsk Tipping og lisensierte lotteri, medan bingo og lokale lotteri er noko ned frå året før. Norsk Tipping hadde ein auke i netto omsetning på 10 prosent.

Blant Norsk Tipping sine spel er det sportsspela og spel i kategorien Instaspill som aukar mest, med vekst på høvesvis 22 og 15 prosent. I beløp er det likevel talspela til Norsk Tipping som aukar mest. Omsetninga for talspela er om lag 500 millionar høgare i 2024 enn i 2023, noko som tilsvarar ein vekst på over 8 prosent.

Hestespela til Norsk Rikstoto hadde nær same omsetning samanlikna med 2023. Etter nedgang i 2023 har utviklinga stabilisert seg og syner no ein liten vekst på 1 prosent.

Private spel har samla sett hatt ein liten reduksjon i netto omsetning. Dei to lotteria med lisens (Pantelotteriet og Postkodelotteriet) har hatt ein betydeleg auke i omsetning, medan bingo og andre lotteri med løyve har lågare omsetning enn i 2023. Ein del av reduksjonen for bingo heng saman med nye krav om forbod mot autoplay for databingo som blei innført i 2023. I 2024 var heile året påverka av forbodet.

Ein stadig større del av omsetninga frå regulerte pengespel går til formål. Kombinert med den høge veksten i omsetning ga det formåla 930 millionar kroner meir i 2024 enn i 2023. Dette er ein auke på 11 prosent. Idretten som mottar størst del av formåla sine inntekter, fekk tildelt om lag 550 millionar kroner meir i 2024 enn i 2023.

Framleis sterk kanalisering i 2024

Trenden med at fleire spelarar vel norske regulerte tilbod framfor utanlandske held fram i 2024. Lotteritilsynet estimerer marknadsdelen til ein fjerdedel for utanlandske aktørar i konkurranseutsette spel, ned frå ein tredjedel i 2023. Nedgangen tyder på at fleire spelarar har flytta seg frå dei utanlandske til dei norske aktørane.

Utviklinga samsvarar med at Norsk Tipping opplever sterk vekst, særleg innan konkurranseutsette spel.

Lotteritilsynet bereknar at netto omsetning (GGR) hos dei utanlandske aktørane er mellom 1,1 og 1,5 milliardar kroner i 2024¹. Dette utgjer om lag 9 prosent av den totale pengespelmarknaden i 2024.

Atle Hamar
Direktør

Førde, november 2025

¹ https://lottstift.no/content/uploads/2025/04/AnsvarlighetsKanaliserings_2025_UU_web.pdf

I den norske spel- og lotterimarknaden blei det i 2024 omsett for 63,9 milliardar kroner. Av dette gjekk 51,1 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Etter utbetaling av gevinstar blei 12,8 milliardar kroner fordelt blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnehavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål².

Metode for datainnsamling blir omtalt i vedlegg.

Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2024

År 2024	Millionar	
	NOK	EUR ³
Brutto omsetning (spelt for)	63 899	5 495
Gevinst	51 062	4 391
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	12 837	1 104

Året 2024	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst/GGR)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar ⁴	11 467	986	2 304	198
Per innbyggjar 18 år og eldre	14 322	1 232	2 877	247
Per husstand ⁵	24 081	2 071	4 838	416
Prosent av disponibel inntekt ⁶	3,39 %		0,68 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 11 467 kroner i 2024.

Det er 769 kroner meir enn i 2023.

Om vi trekkjer frå gevinstane vil kvar innbyggjar i 2024 ha lagt igjen 2 304 kroner. Dette utgjer 0,68 % av husstanden sine disponible inntekter. Kvar innbyggjar la igjen 150 kroner meir enn i 2023.

2 Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.


3 Middelkurs 2024 frå Norges Bank 11,6276

4 Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 1/1-2024 og 1/1-2025.

5 Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,10 (SSB).

6 SSB: Disponibel inntekt 2024: 1 884 795 millionar kroner.

Brutto omsetning i 2024



I 2024 spelte nordmenn for 64 milliardar kroner mot nærare 59 milliardar i 2023.

I 2024 blei det satsa 54,5 milliardar på Norsk Tipping sine spel. 3,2 milliardar⁷ var satsa på Multix- og Belago-spel, 30,9 milliardar på nettbasert spill i kategorien Instaspill (kasinospel, bingo og skrapespel) og 20,4 milliardar på øvrige spel. På Norsk Rikstoto sine hestespel spelte nordmenn for 3,2 milliardar kroner.

Bingo og lotteri utgjør den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på om lag 4,7 milliardar, der bingo med medhjelpar utgjorde størsteparten med nesten 4,6 milliardar, inkludert sidespel i bingo (databingo). Omsetninga for bingo utan medhjelpar var 104 millionar kroner.

Blant dei andre lotterier er det samla sett lotteri med lisens⁸ som hadde størst omsetning, og saman med andre lotteri med løyve blei omsetninga 840 millionar⁹.


NM i poker hadde ei omsetning på 35 millionar.

Det blei spelt for 679 millionar på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.

⁷ 1 239 mill. på Multix og 1 932 mill. på Belago.

⁸ Frå 1. jan. 2023: Pengespel med omsetning inntil 360 millionar kroner, i kap. 10 i pengespelforskrifta.

⁹ Lag og organisasjonar med loddssal under kroner 200 000 er verken melde- eller regnskapspliktige. Deira omsetning var medrekna til og med 2022. Tidlegare var berre såkalla basarar ikkje medrekna.



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman om lag 90 % av marknaden.

Pengepremiar og gevinstar i 2024

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	54 461	44 224	10 237	81 %
Norsk Rikstoto	3 164	2 206	958	70 %
Bingo med medhjelpar	4 616	3 719	897	81 %
Bingo utan medhjelpar	104	51	53	49 %
Lotteri med lisens	751	254	497	34 %
Andre lotteri med løyve	89	15	74	17 %
Poker-NM	35	27	8	77 %
Spel på skip	679	566	113	83 %
Total	63 899	51 062	12 837	80 %

Spelarane vann tilbake totalt 51,1 milliardar kroner av innsatsen på 63,9 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og bingo med medhjelpar. I prosent gjekk det mest tilbake frå spel på skip (83 %), bingo med medhjelpar (81 %) og Norsk Tipping (81 %).

Enkelte lotteri med løyve bokfører ofte lotteriet sin kostnad med varegevinstar og ikkje verdi på gevinst for spelar. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen (m.a. pga. oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver).

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2024



Målt etter netto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman om lag 87 % av marknaden i 2024.

Fordeling til formål og administrative kostnader i 2024

Tilbyder	Netto omsetning	Formål		Adm. kostnader	
	Mill. kr	Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent
Norsk Tipping	10 237	8 037	79 %	2 199	21 %
Norsk Rikstoto	958	494	52 %	465	48 %
Bingo med medhjelpar	897	217	24 %	679	76 %
Bingo utan medhjelpar	53	47	90 %	5	10 %
Lotteri med lisens	497	260	52 %	237	48 %
Andre lotteri med løyve	74	39	53 %	35	47 %
Poker-NM	8	2	22 %	6	78 %
Spel på skip	113	23	20 %	90	80 %
Totalt	12 837	9 120	71 %	3 716	29 %

9,1 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. 8,0 milliardar kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (79 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk 494 millionar til formåla.

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lotteri med lisens eller løyve og frå bingo utan medhjelpar. For bingo med medhjelpar, Poker NM og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter 25 % eller mindre av nettoomsetninga.

Mange av formåla i bingo med medhjelpar får også inntekter frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Dette er omtalt i kapitela 3 og 6. Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 23 millionar, og frå Poker-NM nær 2 millionar kroner.

Figuren under viser formåla sine inntekter frå ulike spel og lotteri.



Dei administrative kostnadene var 23 millionar høgare i 2024 enn året før. Samstundes har nettoomsetninga auka med 949 millionar. Formåla har fått 926 millionar meir i 2024 enn i 2023, då formåla fekk 8 194 millionar kroner.

Administrative kostnader¹⁰ i 2024 utgjorde 3,7 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør, medhjelpar, og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene. Den største delen av kostnaden (2,2 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, men er prosentvis forholdsvis låg her, og 21 % av netto omsetning. Større kostnadsbeløp kom og frå Norsk Rikstoto sine spel (0,47 mrd.) og bingo med medhjelpar (0,68 mrd.), med høvesvis 48 % og 76 % av netto omsetning.

Kostnader til eventuell tredjepart for sal av spel kan vi sjå for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere utgifter, t.d. til telemarketing.

Kostnad til 3. part for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

Netto omsetning og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnad til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnehavar Mill. kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	10 237	521	5 %
Norsk Rikstoto	958	63	7 %
Totalt	11 196	584	5 %

¹⁰ Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Frå spela gjekk det 584 millionar kroner til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnehavarar. Dette utgjer 5 % av netto omsetning totalt, og er stabilt samanlikna med 2023.

Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Tabellen under viser spel- og lotteriinntekter fordelt på Lotteri- og stiftelsestilsynet (LS) si inndeling i kategoriar:

Spel- og lotteriinntekter 2024	Mill.kr	Prosent	
Idrett	4 835	52,9 %	*
Kultur (tippenøkkel)	1 196	13,1 %	
Musikk/kultur/fritid	347	3,8 %	*
Hest/hestesport	494	5,4 %	
Helse	930	10,2 %	*
Humanitær	992	10,9 %	*
Diverse	224	2,5 %	*
Lokalradio /- TV	42	0,5 %	
Tiltak mot speleavhengigheit	40	0,4 %	
-Fleire kategoriar (organisasjonar med fleire ICNPO-kodar i Frivillighetsregisteret)	35	0,4 %	
Totalt	9 135 ¹¹	100,0 %	

*) I tillegg får formåla delar av 35 millionar frå «fleire kategoriar..» i tabellen (samla 0,4 %).

Midlar frå Tippenøkkelen

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippe nøkkelen tildelt via ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur, samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar, samt helse- og rehabiliteringsformål. Fordelinga er forankra i Pengespellova § 12. Av overskotet blir det først fordelt 6,4 % til helse- og rehabiliteringsformål.

Av tippenøkkelen og resterande overskot får deretter idretten si tildeling gjennom Kulturdepartementet med 64 % og kulturområdet får 18 %. Dei resterande 18 % går til samfunnsnyttige eller humanitære formål og blir betalt ut på to måtar: Tre beredskaps-organisasjonar får ein fast prosentdel. Andre organisasjonar som fyller vilkår i forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar, kan søke Lotteri- og stiftelsestilsynet om tilskot.

11 Opptente renter på 16,2 millionar frå tidlegare år er medrekna . Beløpet er derfor høgare enn samla beløp omtalt i kapittelet «Fordeling til formål og administrative kostnader i 2024» .

Andre midlar

Foreiningar med inntekter frå bingo med medhjelpar får også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Vidare er grasrotordninga og midlar til tiltak mot speleavhengigheit heller ikkje medrekna i tippennøkkelen.

I tillegg til midlar over tippennøkkelen er det også utbetalt 16,2 millionar til mottakarar under tippennøkkelen. Dette er opptente renter frå tidlegare år, og er omtalt i statsbudsjettet. Beløpet er medrekna her, men ikkje i formåla sin andel av spelomsetninga for 2024. Frå Belago-terminalane har organisasjonar motteke om lag 0,5 millionar mindre enn det som er tildelt av Norsk Tipping. Dette heng saman med periodisering, etterslep og manglande kontonummer til organisasjonen i Frivillighetsregisteret. Her inngår beløp som er motteke.

Kor kjem midlane til dei ulike kategoriane frå?

Tippennøkkelen og grasrotandelen er de to største ordningane, men det er likevel stor variasjon i kor dei ulike kategoriane mottar midlane frå.

Idrett (4 835 millionar *)

Inntekter til idrettsformål 2024	Mill. kr
Tippennøkkelen	4 254
Grasrot	432
Bingo med medhjelpar	100
Bingo utan medhjelpar	2
Belago	17
Andre lotteri med løyve	14
Spel på skip	17
Totalt	4 835

*) Mottar delar av midlane frå «fleire kategoriar»

Idretten mottar 88 % av midlane frå ordningane til Norsk Tipping. Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

Musikk/kultur/fritid (1 541 millionar *)

Inntekter til kulturformål 2024	Mill. kr
Tippennøkkelen	1 196
Søknad til LS	34
Grasrot	240
Bingo med medhjelpar	54
Bingo utan medhjelpar	3
Belago	9
Andre lotteri med løyve	6
Spel på skip	2
Totalt	1 543

*) Mottar delar av midlane frå «fleire kategoriar»

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping. 1 196 mill. blei fordelt over tippennøkkelen.

Hest/hestesport (494 millionar)

Dette er inntekter som i sin heilskap kom frå Norsk Rikstoto.

Helse (877 millionar *)

Inntekter til helseformål 2024	Mill. kr
Tippenøkkelen	454
Søknad til LS	305
Grasrot	91
Bingo med medhjelpar	53
Bingo utan medhjelpar	0,1
Belago	10
Andre lotteri med løyve	13
Poker-NM	2
Spel på skip	2
Totalt	930

*) Mottar delar av midlane frå «fleire kategoriar»

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeininga, Norges Blindeforbund, Norges Handikapforbund og Stiftelsen Dam.

Stiftelsen Dam fekk 454 mill. frå Norsk Tipping via tippenøkkelen. Tradisjonelt har organisasjonar med kategori helse i tillegg mottatt ein betydeleg del av midlane som fordelast over tippenøkkelen etter søknad til LS

Humanitær (1 052 millionar *)

Inntekter til humanitære formål 2024	Mill. kr
Tippenøkkelen	649
Søknad til LS	130
Grasrot	7
Bingo med medhjelpar	3
Belago	1
Lotteri med lisens	200
Andre lotteri med løyve	1
Spel på skip	1
Totalt	992

*) Mottar delar av midlane frå «fleire kategoriar»

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningsselskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktningshjelpen og Lions.

Største del av inntektene kom frå Norsk Tipping over tippenøkkelen med 649 millionar, som vist i tabellen over.

Diverse organisasjonar (219 millionar *)

Inntekter til diverse formål 2024	Mill. kr
Søknad til LS	95
Grasrot	57
Bingo med medhjelpar	7
Bingo utan medhjelpar	0,04
Belago	1
Lotteri med lisens	60
Andre lotteri med løyve	2
Spel på skip	1
Totalt	224

*) Mottar delar av midlane frå «fleire kategoriar»

Under «Diverse» inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Lokalradio/-TV


Desse har hatt ei inntekt på 42 millionar frå eigne bingosendingar.

Tiltak vedkommande uheldig speleåttferd (40 millionar)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg til finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna mål settingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skade-verknadane frå overdriven speling.

Fleire kategoriar (uspesifiserte inntekter) (35 millionar)

Dette er inntekt frå grasrotmidlane til organisasjonar som har fleire ICNPO-kodar i Frivillighetsregisteret.



Endring frå år 2023

Formåla fekk for 2024 tilført 930 millionar meir enn året før, noko som utgjer ein auke på 11 %. Endringar er større for enkelte kategoriar av formål.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2023	2024	Endring	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	4 286	4 835	549	13 %
Kultur	1 047	1 196	149	14 %
Musikk/kultur/fritid	319	347	28	9 %
Hest/hestesport	516	494	-22	-4 %
Helse	744	930 ¹²	186	25 %
Humanitær	950	992	42	4 %
Diverse	202	224	17	11 %
Lokalradio /- TV	43	42	-1	-2 %
Uspesifisert/Fleire kat . – vil inngå i formål ovanfor	63	35 ¹³	-28	-44 %
Tiltak mot speleavhengigheit	35	40	5	15 %
Totalt	8 205	9 135	930	11 %

12 Som følge av ny pengespellov i 2023, måtte alle ikkje-fortenestebaserte organisasjonar få ny godkjenning innan 31.12.2024 for å kunne motta overskot frå pengespel. Nokon store aktørar med kategori Humanitær vart ikkje godkjent i 2024 og meir av midlane frå Søknad til LS tilfall organisasjonar med kategori Helse

13 Den store forskjellen frå 2023 kan skuldast at fleire formål har blitt kategorisert enn tidlegare

Endring i omsetning

Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i mill. kroner	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring 2023– 2024
Brutto omsetning (spelt for)	46 546	49 565	50 951	51 797	56 509	59 044	63 899	8 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	10 441	10 534	10 894	11 010	11 599	11 888	12 837	8 %

Omsetninga har auka med nærare 8 % både for brutto og netto omsetning. Meldingslotteri som i 2022 omsette for om lag 150 millionar brutto og 130 millionar netto er ikkje lenger med i denne statistikken. Etter ny pengespel-
lov av 2023 er slike lotteri verken melde- eller rekneskaps-pliktige. Dette
påverkar i mindre grad tal for heile spelemarknaden.

Norsk Tipping

Tal i mill. kroner	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring 2023– 2024
Brutto omsetning	38 122	40 267	42 594	43 741	46 702	49 391	54 461	10 %
Netto omsetning	8 142	8 156	8 510	8 669	8 989	9 270	10 237	10 %

Brutto og netto omsetning auka med 10 % samanlikna med 2023.

Norsk Rikstoto

Tal i mill. kroner	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring 2023– 2024
Brutto omsetning	3 611	3 398	3 589	3 228	3 263	3 144	3 164	1 %
Netto omsetning	1 154	1 074	1 108	983	990	952	958	1 %

Norsk Rikstoto si omsetning har auka med 1 % samanlikna med 2023.

Bingo med medhjelpar

Tal i mill. kroner	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring 2023– 2024
Brutto omsetning	3 648	4 638	3 707	3 637	5 016	4 848	4 616	- 5 %
Netto omsetning	696	807	738	730	954	944	897	- 5 %

Brutto og netto omsetning i bingo med medhjelpar er redusert frå 2023 med 5 %.

Bingo utan medhjelpar

Tal i mill. kroner	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Tal løyve:	240	230	175	150	165	150	123
Brutto omsetning:	113	127	116	111	113	110	104

Tal lag som har gjennomført bingo utan medhjelpar er redusert noko i 2024.

Lotteri med lisens

Tal i mill. kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring 2023– 2024
Brutto omsetning	302	459	568	628	690	751	9 %
Netto omsetning	153	274	368	421	466	497	7 %

Omsetninga for lotteri etter kapittel 10 i pengespelforskrifta hatt ein auke med 9 % for brutto og 7 % for netto.

Andre lotteri med løyve¹⁴

Tal i mill. kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring 2023– 2024
Brutto omsetning	152	125	114	101	101	89	-12 %
Netto omsetning	127	107	95	82	83	74	-12 %

Omsetninga for landsdekkande og meir lokale lotteri er redusert med nærare 12 % for 2024.

14 Dette er landsdekkande, regionale og lokale lotteri med større omsetning enn det som gir fritak for melde- og regnskapsplikt.

Poker-NM

Tal i mill. kroner	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Brutto omsetning	21	22		24	26	34	35
Netto omsetning	3	4		5	6	8	8

Utviklinga i omsetning for Poker-NM er stabil. På grunn av covid-19 blei ikkje Poker-NM arrangert i 2020.

Spel på skip

Tal i mill. kroner	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring 2023–2024
Brutto omsetning	38 122	40 267	42 594	43 741	46 702	49 391	54 461	10 %
Netto omsetning	8 142	8 156	8 510	8 669	8 989	9 270	10 237	10 %


Spel på skip har hatt ein reduksjon i brutto- og ein auke i netto omsetning frå 2023. Brutto omsetning er redusert med 6 % og netto omsetning har auka med 4 %. Dette skuldast lågare gevinstprosent i 2024.

Norsk Tipping AS

Norsk Tipping AS (NT) har flere spel i sin portefølje.

Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 54,5 milliardar kroner i 2024.

Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2024, totalt 54 461 millioner kroner



Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill. kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker, Eurojackpot, Keno, Nabolaget, Extra og Momento ¹⁵	12 797	24 %
Sportsspel:	Tipping ¹⁶	465	1 %
	Oddsspel før arrangement	3 319	6 %
	Oddsspel under arrangement (ofte fotballkamp)	2 800	5 %
Skrapelodd:	Flax (papir)	1 008	2 %
Terminalspel:	Multix og Belago	3 172	6 %
Instaspill:	Online – Flax, Bingoria, KongKasino, Yezz og Minispill	30 901	57 %
Total brutto omsetning		54 461	100 %

Omsetning og gevinst – i millioner kroner	Talspel	Sports- spel	Skrape- lodd (papir)	Terminal- spel ¹⁷	Instaspill	Totalt
Total brutto oms.	12 797	6 584	1 008	3 172	30 901	54 461
Totalt til gevinst	6 410	5 163	558	2 948	29 146	44 224
Total netto oms.	6 387	1 421	450	224	1 755	10 237
Gevinstprosent	50 %	78 %	55 %	93 %	93 %	81 %

¹⁵ Momento (brutto oms. 2 millioner) blei testa i marknaden frå august 2023 til mars 2024.

¹⁶ Inkludert Fantasy med brutto omsetning 4 millioner. Fantasy blei avvika i mai 2024.


¹⁷ Multix: Brutto 1 239 mill. og netto 97 mill. Belago: Brutto 1 932 mill. og netto 127 mill.

Totalt gjekk 81 % tilbake til spelar som gevinst. 19 % gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål. Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd, med høvesvis 50 og 55 %.

Sportsspel har ein samla gevinstdel på 78 % der oddsspel under arrangement har høgaste del med 82 %, oddsspel før arrangement 79 %¹⁸ og tipping lågast med 55 %. Høgaste gevinstprosent hadde terminalspela og spel i kategorien Instaspill med høvesvis 93 og 94 %.

På grunn av lågare gevinstdel på talspel er omsetninga her størst etter gevinstutbetaling. Over 60% av netto omsetninga, eller rundt 6,4 milliardar kjem frå talspela. Mesteparten her kjem frå Lotto, Viking Lotto og Eurojackpot.

Norsk Tipping AS. Netto omsetning etter gevinstutbetaling 2024. Millionar og prosent per spelkategori



Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk/kiosk, eller via internett og mobil. Talet på kommisjonærar var 2 764 ved utgangen av 2024.

Det meste av brutto omsetning gjekk via internett og mobil. Det blei satsa totalt 47 735 millionar kroner. 6 487 mill. blei satsa på sportsspel og 10 347 mill. på talspel (som Lotto og Extra). For Instaspill, der det berre kan spelast over internett og mobil, blei det satsa totalt 30 901 millionar kroner. Gjennom kommisjonærnettjet gjekk det 3 387 mill.¹⁹ på talspel, sportsspel og skrapelodd, og i tillegg 3 172 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago).

¹⁸ Oddsbomben har fast gevinstprosent på 60 %. Andre oddsspel før arrangement hadde 80% i gevinstdel i 2024.

¹⁹ Av dette utgjør *Spill i kasse* 168 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) som blir selt over disk eller i kassa i daglegvareforretningar.

Netto omsetning og fordeling på aktørane

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning 10 237 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	8 038	79 %
Driftskostnader Norsk Tipping ²⁰	1 678	16 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnerar)	521	5 %
Midlar som er haldne tilbake i NT ²¹	0	0 %
Sum = netto omsetning	10 237	100 %

Til formåla gjekk det 8 038 millionar kroner eller 79 % av netto omsetning.

I 2023 gjekk 76 % til formål, som utgjorde 7 087 millionar.

Frå 2024-overskotet blei 7 102 millionar utbetalt over tippenøkkelen. Formålsinntekt i bingo frå Belago-terminalane utgjør 38 mill. og 858 millionar kroner kjem frå ordninga med Grasrotandelen. I det totale beløpet inngår også 40 mill. til tiltak mot uheldig speleåtfærd.

Det meste av overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2024 blei utbetalt til formål i 2025.

Fordeling til overskotsformål – Tippetnøkkelen²²

Frå 2024-overskotet gjekk kroner 4 254 millionar²³ til idrettsformål. 1 196 mill. til kulturformål og 1 213 mill.²⁴ til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar. 454 millionar gjekk til helse- og rehabiliteringsformål og delast ut av Stiftelsen Dam.

Blant kulturformål fekk *Den kulturelle skolesekken* 390 mill., *Frifond* 220 mill. og *Desentralisert ordning for tilskudd til kulturbygg* 90 mill.

20 Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigerert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandelen er ikkje rekna med her.

21 Midlar som blir haldne tilbake i Norsk Tipping inngår i selskapet sin eigenkapital og kan disponerast til formål i komande år. Det blei ikkje halde tilbake midlar for speleåret 2024.

22 Kultur- og likestillingsdepartementet: Prop. 1 S (2024–2025) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 149 til 157.

23 I tillegg blei det brukt 18 mill. kroner av disponible midlar, slik at det blei fordelt 1 886 398 000 kroner til idrettsanlegg i kommunane i 2024.

24 Overskotet frå Norsk Tipping i 2024 til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar i 2025 var 1 196 mill. kroner. Med opptente renter frå tidlegare år er totalt overskot 1 213 mill. kroner.


Idrett

Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under.²⁵

Tal i millionar kroner	
Idrettsanlegg	2 256
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	930
Tilskot til lokale lag og foreiningar	553
Spesielle aktivitetar	185
Forsknings- og utviklingsarbeid	43
Nasjonalanlegg og spesielle anlegg	135
Særskilte tilskot	153
Totalt	4 254

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, høvesvis 53 % og 22 %. Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar 2024



25 Pressemelding frå Kulturdepartementet 9. mai 2025, beløp er avrunda.

Samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar

Totalt fekk samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar 1 213 millionar kroner.

Midlane blir fordelt etter forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speloverskotet til Norsk Tipping. Beredskapsorganisasjonane Norges Røde Kors, Rednings-selskapet og Norsk Folkehjelp får tildelt ein fast prosentdel. Andre organisa-sjonar som fyller krava i forskrifta kan søke Lotteri- og stiftelsestilsynet om tilskot frå resten av beløpet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Det er ei minstegrense for å kunne delta i ordninga på 10 millionar kroner i søknadsgrunnlag.

I juni 2025 blei det utbetalt 649 millionar kroner til de tre beredskapsorganisa-sjonane. I løpet av hausten 2025 blei det tildelt 564 millionar kroner til organisasjonar som søkte på tilskotsordninga. Dette er organisasjonar innan-for, helsetenester, sosiale tenester, krise og støttearbeid, natur- og miljøvern og dyrevern.

Fordeling av speleoverskotet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar i 2025	Frå Norsk Tipping sitt overskot 2024 Tal i mill. kr
Norges Røde Kors	383
Redningsselskapet	237
Norsk Folkehjelp	29
Tilskot som blei fordelt til øvrige organisasjonar etter søknad	564
Totalt	1 213

44 organisasjonar har etter søknad fått tildelt 564 millionar kroner. Namn på organisasjonane og fordeling er vedlagt tilslutt i dokumentet

Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si spelomsetning i 2024 har det gått 859 millionar²⁶ til 38 768 lokale lag og foreiningar. Inntil 7 % av innsatsen som blei satsa på spel i 2024 kunne gå til foreiningar som Norsk Tipping sine spelarar sjølve bestemmer at pengane skal gå til. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Kategori i Frivillighetsregisteret (ICNPO)	Lotteritilsynet si kategorisering	Utbetalte grasrotmidlar i 2024, kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	431 678 588	10 258
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	92 622 500	8 070
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	77 281 013	7 558
Interesseorganisasjonar	Helse	55 204 186	3 092
Dyrevern	Diverse	45 450 804	191
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	36 652 592	3 376
Sosiale tenester	Helse	35 581 981	1 130
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	31 163 548	1 897
Andre helsetenester	- fleire kategoriar	14 732 255	543
Krisehjelp og støttearbeid	- fleire kategoriar	7 824 996	190
Trus- og livssynsorganisasjonar	Diverse	5 850 020	835
Internasjonale aktivitetar	Humanitær	5 576 242	251
Mangfald og inkludering	- fleire kategoriar	4 811 112	404
Økonomisk og materiell støtte	- fleire kategoriar	4 687 757	164
Natur- og miljøvern	Diverse	3 450 988	354
Frivillighetssentralar	Musikk/kultur/fritid	2 016 655	124
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	1 590 655	14
Bustad- og lokalmiljø	Diverse	907 017	160
Andre	Diverse	637 465	25
Politiske organisasjonar	Diverse	427 723	100
Anna utdanning	Diverse	144 172	9
Sjukehus og rehabilitering	- fleire kategoriar	101 899	4
Juridisk rådgiving	Diverse	65 098	2
Grunn- og vidaregåande utdanning	Diverse	35 507	3
Forsking og utvikling	Diverse	22 607	4
Arbeidsopplæring	Diverse	15 468	1
Yrkessamanslutningar	Diverse	14 091	5
Sjukeheimar	Helse	13 335	1
Næringslivs- og arbeidsgivarorganisasjonar	Diverse	1 554	1
Høgskule og universitet	Diverse	1 213	1
Arbeidstakarorganisasjonar	Diverse	671	1
Totalt		858 563 710	38 768

26 På grunn av periodisering av opptening og utbetaling er det betalt ut ein mindre del som skriv seg frå tidlegare omsetning. Mellom anna mottek ikkje organisasjonar midlar før opptent beløp har nådd ein viss storleik.

Med Lotteritilsynet si kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2024	Mill. kr	Prosent
Idrett	432	50 %
Musikk/kultur/fritid	240	28 %
Helse	91	11 %
Humanitær	7	1 %
Diverse	57	7 %
- fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	32	4 %
Totalt	859	100 %

Halvparten av grasrotmidlane gjekk i 2024 som i 2023 til idrettslag. Også organisasjonar innan *Musikk/kultur/fritid* har fått ein forholdsvis stor del. Helse- og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som her er nemnt som *fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga større enn det som kjem fram over.

Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formåls-mottakarar i dei bingohallane der terminalane er plassert.

For 2024 gjekk det frå desse terminalane 38 millionar til formål. Mottakarane av overskotet får ein fast del av netto omsetning på Belago-terminalane (30 % av 127 millionar i 2024)²⁷. Beløpet blir betalt ut gjennom bingomedhjelparane. Fordelinga på Lotteritilsynets kategoriar basert på ICNPO kodar²⁸ er vist under:

Belago	Mill. kr	Prosent
Idrett	16,6	46 %
Helse	9,7	25 %
Musikk/kultur/fritid	9,3	24 %
Humanitær	0,6	2 %
Diverse	1,3	3 %
Totalt	37,4	100 %

27 Skilnaden på beløp frå Norsk Tipping og faktisk utbetalt i 2024 skuldast periodisering og etterslep.
28 10 lag og foreiningar med totalt 0,16 million i inntekt frå Belago er ikkje registrert med ICNPO kode, også desse er her fordelt på dei fem kategoriane.

Stiftelsen Dam

Stiftelsen fekk 454 millionar frå tippenøkkelen.

Stiftelsen fordeler overskotet frå Norsk Tipping til ei rekkje organisasjonar i Norge. Frivillige helseorganisasjonar kan søke om midlar etter ha blitt godkjent som søkarorganisasjonar av stiftelsen.

Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine utlysingar. Frå speleoverskotet i 2024 delte stiftelsen ut 454 millionar kroner. Fordelinga skjedde løpande gjennom 2025. Stiftelsen sitt program Ekspress, der stiftelsen sine medlemsorganisasjonar får støtte til mindre prosjekt i lokallaga, inngår også i fordelinga.

Fordeling til formål	Midlar totalt ²⁹ (Mill. kr)	Prosent
Helse	138	30 %
Utvikling	138	30 %
Forsking	163	36 %
Ekspress	20	4 %
Totalt	459	100 %


29 Henta frå Tilskudd.no. Totalt beløp inkluderer speleoverskotet frå Norsk Tipping og stiftelsens eige program.

Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,16 milliardar kroner i år 2024.

Grafen under viser fordeling i omsetning på dei ulike spela til Norsk Rikstoto i 2024

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel i 2024,
totalt 3 164 millionar kroner



Beløpa er avrunda og avvik derfor frå total brutto omsetning oppgitt i tabellen under

Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 164	100 %
Totalt til gevinst	2 206	70 %
Total netto omsetning	959	30 %

70 % av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst, og nær ein tredjedel blei fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via internett. Talet på kommisjonærar med terminalar er redusert gjennom 2024, frå 760 til 655. Ved utgangen av 2024 var det i Norge ti travbaner og ei galoppbane, men det kan også spelast på løp i andre land.

13 % av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar. Omsetning på baner er frå 2023 rekna med som omsetning gjennom fysiske kommisjonærar. Sal av spel over internett / mobil utgjorde 87 %. I 2023 utgjorde denne omsetninga 84 %.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill. kr	Prosent
Kommisjonær (ikkje over internett)	405	13 %
Internett/Mobil	2 759	87 %
Totalt	3 164	100 %

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter gevinstutbetaling var det 959 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	494	52 %
Til operatør (Rikstoto) ³⁰	402	42 %
Til kommisjonær	63	7 %
Sum = netto omsetning	959	100 %

Til formåla gjekk det 494 millionar kroner eller 52 % av netto omsetning.

Frå og med 2023 er fordeling på ulike formålskategoriar endra. Fordeling til formål fordelast etter «Forskrift om fordeling av overskuddet fra pengespill på hest».³¹

Fordeling til formål	Mill. kr
Tilskot utan søknad	
Det Norske Travelskap	405
Norsk Galopp	45
Norsk Hestesenter	29
Tilskot etter søknad	15
Totalt	494

I forskrifta om fordeling av overskot står det om formål:

Tilskot utan søknad: Det Norske Travelskap: 82 %

Tilskotet skal fremme ei sunn utvikling av norsk travsport, hestehald og hesteavl gjennom å bidra til dekning av arrangementskostnader ved tilskot til den enkelte travbane, premiar til hesteeigarar oppdrettarar, trenarar og kuskar, administrasjon, investeringar i bane- og treningsanlegg og infrastruktur, og støtte til frivillig aktivitet.

30 Provisjonar internettspel og avgift nordisk spel er medrekna her.

31 <https://lovdata.no/forskrift/2023-03-13-327>

Norsk Galopp: 9,2 %

Tilskotet skal fremme ei sunn utvikling av norsk galoppsport, hestehald og hesteavl gjennom å bidra til dekning av arrangementskostnader ved tilskot til den enkelte galoppbane, premiar til hesteeigarar, oppdrettarar, trenarar og kuskar, administrasjon, investeringar i bane- og treningsanlegg og infrastruktur, samt støtte til frivillig aktivitet.

Norsk Hestesenter: 5,8 %


Tilskotet skal bidra til Norsk Hestesenter sitt arbeid med å fremme kvaliteten på hestehald og hesteavl i Noreg.

Tilskot etter søknad:

Inntil 3 % av overskotet

Dette blir tildelt ikkje-fortenestebaserte organisasjonar som arbeidar for å fremme norsk hesteavl, hestehald og hestesport.

Prosentvis fordeling av formålsmidlar frå Norsk Rikstoto 2024
totalt kr 494 millionar



Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 63 mill. eller 7 % av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nettkommisjonærar. Nettkommisjonærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira eigne nettsider.

Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 164	100 %
Totalt til gevinst	2 206	70 %
Total netto omsetning	959	30 %

Beløpa er avrunda

Årsresultatet for Norsk Rikstoto blei kroner 0,- i 2024, det same som i 2023.

Spel på nett og mobil – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over internett med kjøp av spel frå PC, nettbrett eller mobiltelefon. For fleire av spela er dette same spel som ein kjøper hos tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner. Spel i Instaspill-kategorien og Liveodds kan berre kjøpast over internett eller mobil.

Sidan 2018 har langt over halvparten av brutto omsetning hos begge operatørane kome frå spel over nett og mobil.

Prosent av brutto omsetning over internett og mobil	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Norsk Tipping	44 %	51 %	59 %	68 %	78 %	80 %	82 %	85 %	88 %
Norsk Rikstoto	46 %	49 %	62 %	66 %	74 %	78 %	81 %	84 %	87 %

Norsk Rikstoto tilbyr spel på hest, og i 2024 blei 87 % av spela kjøpt på internett eller med mobil. For Norsk Tipping kjem 88 % av bruttoomsetninga i 2024 frå spel kjøpt på nett eller mobil.

Norsk Tipping sine kategoriar KongKasino, Bingoria, Yezz og e-Flax kan berre spelast på nettbaserte plattformer. For Sportsspel og Talspel utgjorde dei digitale løysingane høvesvis 99 % og 81 % av omsetninga. Norsk Tipping sine andre spel, Multix, Belago og Flax i papirformat, blir ikkje tilbydd over internett og mobil.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2024³² og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert resultat og anslag for spel på internett for 2024.


Frå desse undersøkingane har 57 % av nordmenn, 18 år og eldre, brukt internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). I 2024 utgjorde dette 2,54 million nordmenn over 18 år. 99 % av nettspelarane sa dei spelte hos ein norsk regulert aktør – Norsk Tipping (97 %), Norsk Rikstoto (10 %), Postkode-lotteriet (7 %) eller nettbingo hos lokal bingo hall som tilbyr hovudspel på nett (< 1 %). 7 % av nettspelarane svarte at dei hadde spelt på utanlandske nettstader, noko som utgjer om lag 4 % av nordmenn 18 år og eldre. Når vi samanliknar desse resultatane med reelle tal frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto ser vi at målingane gir for høgt anslag for nettspelarar.

32 Kvartalsvise målingar gjort i 2024 (totalt 4 029 spurde over 18 år).

Kanalisering

For 2024 anslår³³ Lotteritilsynet at nordmenn etter gevinstutbetaling (netto omsetning) la igjen mellom 1,1 og 1,5 milliard kroner på utanlandske nettstadar. Dette utgjør ein marknadsdel for spel i konkurranse på om lag ein fjerdedel og 9 % av den totale pengespelmarkanden i 2024.

Estimat utanlandske aktørar 2024, titakt 1,1–1,5 milliardar (GGR)



³³ Kanalisering i 2024 er nærare omtalt i Lotteritilsynet rapport om ansvarlegheit og kanalisering: https://lottstift.no/content/uploads/2025/04/AnsvarlighetsKanalisering_2025_UU_web.pdf

Bingo deler vi i to typer: *Bingo med medhjelpar* der medhjelpar står for drifta medan lag og foreiningar får overskotet, og *bingo utan medhjelpar* der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

Bingo med medhjelpar

Dette er arrangement der medhjelparar (profesjonelle bingoaktørar) driv bingo i eigne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten nedanfor er basert på rapporterte data i Pengespelregisteret med informasjon om 38 bingomedhjelparar som til saman dreiv 198 bingolokale i 2024. I 2023 var det 213 bingolokale.

Bingo med medhjelpar – nøkkeltal år 2024

Brutto omsetning	4 616 mill. kr
sidespel er inkludert	
Gevinst	3 719 mill. kr
Netto omsetning	897 mill. kr
administrativ kostnad	680 mill. kr
overskot til formåla ³⁴	217 mill. kr
Formåla sin del av brutto oms.	5 %
Formåla sin del av netto oms.	24 %
Gevinstprosent	81 %

Bingo med medhjelpar omsette for 4,6 milliardar kroner. Til lag og organisasjonar blei det overført 217 millionar kroner eller 5 % av brutto omsetning. Gevinstdel er 81 % og formåla sin del av netto omsetning er 24 %.

Samanlikna med 2023 er omsetninga litt redusert. Brutto omsetning i 2023 var 4 848 millionar kroner, og netto omsetning var 944 millionar kroner.

Formåla har dermed fått litt mindre inntekt frå bingo enn i 2023. Reduksjonen utgjer 17 millionar. Dei fleste formål får i tillegg inntekt frå Belago. Norsk Tipping sine Belago-terminalar er utplassert i bingolokale, og formålsinntektene går til same formål som har inntekt frå dei andre spela i bingolokalet. I 2024 fekk formåla 37 millionar kroner frå Belago, ein reduksjon på 4 millionar kroner frå 2023. Totalt er inntektene til formåla redusert med 21 millionar.

³⁴ Etter at medhjelpar sine utlegg for organisasjonane sine gebyr er trekte i frå (totalt 7 millionar).

Bingo med medhjelpar – nøkkeltal år 2024

Tal i millionar kroner	Brutto-oms.	Gevinst	Gevinst-prosent	Netto-oms.	Til formål	Pst. til formål av nettooms.
Hovudspel	1 193	855	72 %	338	55	17 %
Sidespel:						
- databingo	3 423	2 864	84 %	559	163	30 %
Totalt	4 616	3 719	81 %	897	217	25 %

For hovudspel er netto omsetning marginalt større enn i 2023 då den var oppgitt til 337 millionar kroner. Hovudspelet kan også spelast på nett, og dette auka betydeleg frå 2023 då brutto omsetning var på 389 millionar til 432 millionar i 2024. Netto omsetning for sidespelet databingo er redusert frå 609 millionar i 2023 til 559 millionar i 2024. Totalt for hovud- og sidespel er netto omsetning redusert med 47 millionar samanlikna med 2023.

81 % av bruttoomsetninga i bingo med medhjelpar gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har databingo med 84 %.

Lag og foreiningar fekk totalt 217 millionar kroner i inntekt frå bingo med medhjelpar utan at Belago er rekna med. 75 % av desse inntektene kom frå databingo.

Bingomedhjelparane har rapportert at dei spelte for 2 884 lag og foreiningar i år 2024. Mange lag og organisasjonar som har inntekt frå bingospel får også inntekt frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar som er utplassert i bingo-hallar. For 2024 blei det gjennom bingomedhjelparane fordelt 38 millionar kroner til 2 763 organisasjonar.

I fjerde kvartal 2024 var det totalt utplassert 1 097 Belago-terminalar i 175 bingo-hallar.

Alle bingomedhjelparane har rapportert omsetning frå databingo, og vi reknar med at det var utplassert rundt 4 950 terminalar i 2024.

Formål	Bingoinntekter (hovud- og sidespel) ³⁵		Belago-inntekter ³⁶	Totalt	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent	
Idrett	100	17	117	46 %	
Helse	53	10	63	25 %	
Musikk/kultur/fritid	54	9	63	25 %	
Humanitær	3	1	4	2 %	
Diverse	8	1	9	3 %	
Totalt	217	38 ³⁷	255	100 %	


35 31 lag og foreiningar var utan ICNPO-kode, men er her plassert på dei fem kategoriane. Dette gjeld også dei som har ICNPO-kodar som omfattar fleire kategoriar.

36 Formålsinntekter frå Belago er vist her, men inngår elles i rapporten som formål frå Norsk Tipping sine spel.

37 Faktisk utbetalt til organisasjonane blei 37,4 mill. i 2024. Differansen mellom delen som minimum skal utbetalast til organisasjonane (30 % av netto 127 mill. = 38 mill.) jf. forskrift og utbetalt, skuldast i hovudsak at organisasjonane manglar, eller har feil, kontonummer i Frivillighetsregisteret.

Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, om lag 117 millionar kroner når Belago blir medrekna. Blant andre kategoriar er det foreiningar innan helse samt musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med om lag 63 millionar kroner kvar.

Inntekt til formåla i 2024 medrekna Belago, totalt 255 millionar kroner



Bingo utan medhjelpar

Bingoane her er omtalt som foreinings- eller bygdebingoar samt bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er henta frå Pengespelregisteret og mottekne bingorekneskap for 2024, frå 66 organisasjonar for vanleg bingo utan medhjelpar og 57 for radio- / TV-bingo.

Bingo utan medhjelpar – nøkkeltal år 2024

	Foreinings- bingo	Radio/TV	Sum
Brutto omsetning	23 mill. kr	81 mill. kr	104 mill. kr
Gevinst	15 mill. kr	36 mill. kr	51 mill. kr
Netto omsetning	8 mill. kr	45 mill. kr	53 mill. kr
administrativ kostnad	3 mill. kr	3 mill. kr	6 mill. kr
overskot til formål	5 mill. kr	42 mill. kr	48 mill. kr
Berekna del til formåla av netto omsetning	66 %	94 %	90 %
Gevinstprosent	66 %	44 %	49 %

Brutto omsetning for bingo utan medhjelpar var 104 millionar kroner i 2024, fordelt på 23 millionar kroner for bingo utan medhjelpar og 81 millionar for radio/TV-bingo.

Omsetninga er litt ned frå 2023. Det er hovudsakleg omsetninga for foreiningsbingo som er endra. Den er 4 millionar lågare i 2024. Mykje av nedgangen skuldast at sidespel i ny pengespelforskrift frå 2023, ikkje lenger er meldings- og rapporteringspliktig³⁸ og derfor ikkje medrekna i statistikken.

Etter fråtrekk av gevinstkostnader utgjer netto omsetning 53 millionar, og 48 av desse er overskot til ulike formål.

Formålsinntekter fordelt på kategoriane:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	2,4	5 %
Helse	0,1	0 %
Musikk/kultur/fritid	2,7	6 %
Diverse	0,04	0 %
- fleire kategoriar	0,03	0 %
Lokalradio og lokal-TV	42,3	89 %
Totalt	47,6	100 %

38 Frå og med 2023, rapporterast ikkje omsetning frå papirsidespill (tradisjonelle papirbaserte lotteri trekt på førehand). Papirbaserte lotteri kan heldes utan løyve etter pengespilloven § 22, dersom omsetninga ikkje overstig 200 000 kroner i året. Dersom omsetninga overstig 200 000 kroner, må ein få særskilt løyve, og omsetninga er rapportert som omsetning frå et lotteri. <https://www.regjeringen.no/contentassets/6a79aed7c30646d9a45318141e19871c/horingsnotat-forslag-til-ny-forskrift-om-pengespill-og-forslag-til-endringer-i-enkelte-andre-forskrifter.pdf>
Sjølv om det ikkje var krav om rapportering av tal for sidespel i 2023, blei det likevel gjort av organisasjonane og inkludert i statistikken. Enkelte har også rapportert omsetning for sidespel i 2024. Rapportert brutto omsetning for sidespel var 2 millionar i 2024 og forklarar derfor halvparten av nedgangen frå 2023.

For 2024 har vi registrert 71 ulike lotteri.

Lotteria her er landsdekkande, regionale eller lokale. Frå 2023 er dei minste lotteria ikkje lenger med i statistikken. Etter ny lotterilov er organisasjonar verken meldings- eller rapporteringspliktige dersom dei har loddsal for mindre enn kroner 200 000. Vi viser først tal for lands-, regionale- og lokale lotteri som er meldingspliktige, deretter lotteria etter kapittel 10 (lotteri med lisens) i pengespelforskrifta, og til slutt Poker-NM.

Landsdekkande, regionale og lokale lotteri

Vi har totalt registrert 69 lotteri. 15 av desse er landsdekkande.

Landslotteri, regionale og lokale lotteri – nøkkeltal år 2024

Loddsal / Brutto omsetning	88,7 ³⁹ mill. kr
Gevinstkostnad	14,7 mill. kr
Netto omsetning	74,0 mill. kr
administrative kostnader	34,7 mill. kr
overskot til formåla	39,3 mill. kr
Formåla sin del av brutto omsetning	44 %
Formåla sin del av netto omsetning	53 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	17 %

Total omsetning var 89 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2024 var 15 millionar. Dette er kostnader med gevinstante, og treng ikkje vere gevinstante sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte i frå. Administrative kostnader utgjorde 35 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 39 millionar. Dette utgjorde 44 % av brutto- og 53 % av netto omsetning.

Lotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM) og medlem-sal. Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

39 01.01.2026 var framleis 8 av lotteria sine rekneskap under behandling. Desse inkludera store lotteri som til saman utgjør om lag 48 mill. av oppgitt brutto omsetning.

Fordeling av inntekt til formåla:

Kategori	Tal lag/org	Overskot (mill.)	Prosent overskot
Idrett	41	14,1	36 %
Helse	9	13,5	34 %
Musikk, kultur og fritid	8	5,8	15 %
Humanitær	5	1,4	4 %
Diverse	3	1,7	4 %
- fleire kategoriar	3	2,8	7 %
Totalt	69	39,3	100 %

Idretts- og helseorganisasjonane har størst prosentdel til formål.

Av lotteria er det berre *Landsforeningen for hjerte- og lungesyke* sitt eige landslotteri som har ei omsetning over 10 millionar kroner. I 2024 omsette LHL sitt lotteri for nær 31 millionar, mot 36 millionar i 2023.

Større lotteri med lisens⁴⁰

Desse lotteria har større årleg omsetningsramme. I 2024 var det to slike lotteri, Pantelotteriet og Postkodelotteriet. Samla omsetning for lotteria var 751 millionar. Omsetninga har auka frå 690 millionar i 2023.

Lotteri med lisens, nøkkeltal år 2024

Loddsal	751 mill. kr
Gevinstkostnad	254 mill. kr
Netto omsetning	497 mill. kr
administrative kostnader	237 mill. kr
overskot til formåla	260 mill. kr
Formåla sin del av brutto oms.	35 %
Formåla sin del av netto oms.	52 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	34 %

Organisasjonane som hadde inntekter frå desse lotteria i 2024 var Norges Røde Kors (Pantelotteriet), WWF Norge og SOS-Barnebyer Norge (Postkodelotteriet). Blant formål har 200 millionar gått til organisasjonar i kategori *Humanitær*, medan 60 millionar har gått til ein miljøorganisasjon som fell inn under kategorien *Diverse*.

40 Før 1. januar 2023: Pengespel med omsetning inntil 360 millionar kroner, § 7 i forskrift til lov om lotterier m.v.

Poker-NM, nøkkeltal år 2024

Brutto omsetning (deltakaravgift)	35,4 mill. kr
Gevinstkostnad	27,3 mill. kr
Netto omsetning	8,1 mill. kr
administrativ kostnad	6,3 mill. kr
overskot til formål	1,8 mill. kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	22 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	77 %

Omsetninga i Poker-NM er tilnærma lik som i 2023. Det same gjeld inntekta til formåla. Det var Gynkreftforeningen og Blodkreftforeningen som mottok formålsandelen frå Poker-NM i 2024.

Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

I 2024 har totalt fem skip hatt løyve til å tilby spel som går i rute mellom norsk og utanlandsk hamn. Alle fem skip er frå Color Line. Om bord på skipa er det to typar spel; automatar og spelebord. Spelebord er Black Jack og rulett.

Passasjerane spelte i 2024 for 679 millionar om bord i desse skipa. Det meste, og 86 % blei spelt på automatar. 14 % blei satsa ved spelebord.

Nøkkeltal 2024	Beløp (mill. kr) / Prosent
Brutto omsetning ⁴¹	
Automatar	582 mill. kr
Spelebord	97 mill. kr
Totalt	679 mill. kr
Gevinstkostnad	
Automatar	498 mill. kr
Spelebord	69 mill. kr
Totalt	566 mill. kr
Total netto omsetning	113 mill. kr
overskot til formål	23 mill. kr
administrativ kostnad (netto – formål)	90 mill. kr
Formåla sin del av brutto oms.	3 %
Formåla sin del av netto oms.	20 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	83 %

23 millionar blei fordelt til 106 ulike organisasjonar som etter Lotteritilsynets kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	16,6	74 %
Helse	1,9	8 %
Musikk/kultur/fritid	2,0	9 %
Humanitær	0,9	4 %
Diverse	0,9	4 %
- fleire kategoriar	0,3	1 %
Totalt	22,5	100 %

⁴¹ Brutto omsetning for automatar er det totale beløpet det er spelt for, både det som er lagt på automatar av fysiske pengar og spel av gevinstar som ikkje er utbetalt først. For spelebord er brutto omsetning verdien på talet sjetongar som er kjøpt.

In 2024 the turnover in the Norwegian gambling and lottery market amounted to NOK 63.9 billion. Out of this, the players collected NOK 51.1 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 12.8 billion to be distributed among the market participants, i.e., operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover increased from NOK 59.0 billion in 2023.

Key figures in the gambling market in Norway

Year 2024	Million	
	NOK	EUR ⁴²
Gross turnover (total wagered)	63,899	5,495
Prizes	51,062	4,391
Net turnover (expenditure/loss/GGR)	12,837	1,104

Year 2024	Amount wagered		Expenditure / GGR	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita ⁴³	11,467	986	2,304	198
Per capita, 18 years and older	14,321	1,232	2,877	247
Per household ⁴⁴	24,081	2,071	4,837	416
Percentage of disposable income ⁴⁵	3.39%		0.68 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 11,467 in 2024.


After deduction of prizes, each Norwegian citizen spent NOK 2,304. This amounts to 0.68 % of the disposable income per household.

⁴² Average rate of exchange 2024 as determined by Norges Bank: 11.6276

⁴³ Average population as determined by Statistics Norway.

⁴⁴ The average number of persons per household is 2.10. Figures from Statistics Norway.

⁴⁵ Statistics Norway, (SSB): Disposable income NOK 1,884,795 million.



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e., NOK 54.5 billion (of this 3.2 billion on IVTs and 30.9 billion on interactive online games⁴⁶). Norwegians wagered around NOK 3.2 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Land based bingo and lotteries make up the private sector of the market. It was wagered near NOK 4.7 billion on bingo, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 4.6 billion. Non-entrepreneur bingo is NOK 104 million.


Among the lotteries, the licensed lotteries and the ones with permission have a total turnover at NOK 840 million.

The Norwegian championship in tournament poker had a gross turnover on NOK 35 million.


On Norwegian ships, sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 679 million in 2024⁴⁷.

46 Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 224 million, and NOK 1,755 million on online casino, online scratch games and online bingo.
47 For table games the value of chips purchased. For slot machines the total value of all games played.

The Norwegian gambling market 2024,
market shares of gross turnover (sales)



The Norwegian gambling market 2024,
market shares of gross gaming revenue



Om talmaterialet

Talmaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal rapportert frå operatørar og entreprenørar i marknaden. Tal frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto er henta frå dei sjølv. Fordelinga av tippemidlar kjem frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Fordelinga av midlane frå Stiftelsen Dam er oppgitt av stiftelsen sjølv.

Bingomedhjelparar og lotteri med løyve og lisens har rapportert sine tal og desse er registrert i Pengespelregisteret.

Kategorisering av formål

Organisasjonane sine ICNPO-kodar registrert i Frivillighetsregisteret er hovudsakleg brukt for å gruppere til dei ulike kategoriane. Under følger ein forklaring av inndelinga i LS sine kategoriar.

Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f.eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f.eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f.eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger- og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m.

Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

Diverse organisasjonar

«Særorganisasjonar» eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn/organisasjonar som ikkje let seg klassifisere.

Tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner, – frå Norsk
Tippings overskot i 2024 - utbetalt etter søknad i 2025

Organisasjon	Tildelt i kroner
NORGES RØDE KORS	383 189 816
REDNINGSSKAPET	236 462 070
STIFTELSEN KIRKENS BYMISJON	121 389 692
KREFTFORENINGEN	84 796 303
FRELSESARMEEN	82 738 713
NORGES BLINDEFORBUND	34 215 587
NORSK FOLKEHJELP	29 103 024
LHL, LANDSFORENINGEN FOR HJERTE, LUNGE OG HJERNESLAG	21 719 564
NASJONALFORENINGEN FOR FOLKEHELSEN	21 503 732
BLÅ KORS NORGE	20 666 686
DEN NORSKE TURISTFORENING	19 432 273
BARNEKREFTFORENINGEN	14 111 289
NORSKE KVINNERS SANITETSFØRENING	13 876 726
NORGES JEGER- OG FISKEFORBUND	12 899 742
MENTAL HELSE	9 824 386
HØRSELSFORBUNDET	9 087 849
KIRKENS SOS	7 750 563
NORGES HANDIKAPFORBUND	6 967 422
FRAMTIDEN I VÅRE HENDER	6 387 969
DIABETESFORBUNDET	5 916 721
NORSK REVMATIKERFORBUND	4 880 333
NORGES ASTMA-OG ALLERGIFORBUND	4 476 006
SYKEHUSKLOVNENE STI	3 530 803
MULTIPPEL SKLEROSE FORBUNDET I NORGE	3 391 838
NORSK FORBUND FOR UTVIKLINGSHEMMEDE	3 168 992
DYREBESKYTTELSEN NORGE	3 031 671
CEREBRAL PARESE-FØRENINGEN	2 939 438
NORSKE REDNINGSHUNDER	2 893 780
ADHD NORGE	2 733 960
VOKSNE FOR BARN	2 674 822
FØRENINGEN FOR HJERTESYKE BARN	2 409 456
EPILEPSIFORBUNDET	2 400 743
NORGES DØVEFORBUND	2 285 033
NORGES PARKINSONFORBUND	2 189 264
STIFTELSEN LIVSGLEDE FOR ELDRE	2 166 453
DYSLEKSI NORGE	2 088 295
AUTISMEFØRENINGEN I NORGE	2 083 731
SUNNAASSTIFTELSEN	2 028 817
NORGES LIVREDNINGSSKAP	2 004 587
PERSONSKADEFORBUNDET LTN	1 999 084
NORSK CØLIAKIFØRENING	1 714 971
FRELSESARMEEN*	1 653 225
LEVE-LANDSFØRENINGEN FOR ETTERLATTE VED SELVMORD	1 517 365
FORANDRINGSFABRIKKEN STIFTELSE	1 506 135
NORSK FOSTERHJEMSFØRENING	1 467 696
LANDSFØRENINGEN UVENTET BARNEDØD	1 466 198
PROSTATAKREFTFØRENINGEN (PROFO)	1 461 284
FRELSESARMEEN*	1 438 217
PSORIASIS- OG EKSEMFORBUNDET	1 299 282
NORSKE KVINNERS SANITETSFØRENING*	1 006 097
NORSKE KVINNERS SANITETSFØRENING*	678 297
TOTALT	1 212 626 000

*) Etter klage 2024



Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde

Tlf.: 57 82 80 00

postmottak@lottstift.no

lottstift.no

